

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 16.01.2024
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden og Trine Hunskår Vingsnes
SAKA GJELD: **Tenestetilbudet i Florø**

ARKIVSAK: 2023/ 7176

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
25.01.2024

STYRESAK:
007/2024

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret ber administrerende direktør justere tenestetilbud og leigd areal i Florø frå 01.04.24 i tråd med saksutgreiinga. Administrerende direktør får fullmakt til å tilpasse tidspunkt for justering av drifta i høve pasientbehov og omstillingsarbeidet.
2. Helse Førde skal gjennomføre omstilling med mål om at fast tilsette ikkje skal miste jobben som følgje av tiltaket. I omstillingsarbeidet må fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.
3. Det skal arbeidast vidare med gode samhandlingsarenaer mellom helseføretaket og det kommunale tilbudet.

Oppsummering

Medisinsk klinikk har gjennomgått tenestetilbodet i Florø og vurderer det som tenleg å behalde blodbank og poliklinikk for hud. Økonomisk innsparing vil vere i storleiken 3-4 millionar kroner, avhengig av framtidige leigekostnader for areal. Psykiatritilbodet vert uendra.

Fakta

Medisinsk klinikk har gjennomført ein prosess for å vurdere framtidig tenestetilbod i Florø. Det vart gjort greie for status i styresak 085/2023 i desember 2023, og styret i Helse Førde gjorde der slikt vedtak:

1. *Styret tek framstillinga til førebels etterretning.*
2. *Saka skal leggest fram for styret for vedtak i januar 2024.*
3. *Det skal leggest vekt på god dialog med interne og eksterne partar i den vidare saksutgreiinga.*

Som opplyst i sak 085/2023 har Helse Førde desse tenestene i Florø:

Poliklinikk/avdeling	Tilsette/tilbod
Hud poliklinikk	Sjukepleiar deltid. Lysbehandling. Telemedisinske konsultasjonar.
Medisinsk poliklinikk	Sjukepleiar deltid. Infusjonspoliklinikk, medisin + barn.
Medisinske sekretær-tenester	Sekretærtjenester for Florø og NSH hudpoliklinikk.
Smertepoliklinikk, Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	Delar av stillingane til psykologspesialist, overlege (p.t. innleigd vikar), fysioterapeut, sosionom, familieterapeut/erfaringskonsulent. Nyttilviste + oppfølging (fysisk og via video).
Læring og meistring (LMS), Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	Fysioterapeut og lungesjukepleiar, begge deltid. LMS-kurs: KOLS-/lungerehabilitering, livsmeistring, Acceptance and commitment therapy (ACT). Oppfølging av oksygenbrukarar.
Fysioterapi, Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	Fysioterapeut deltid.

Radiologi	Radiograf, samla 1 årsverk. Tilbod om konvensjonell røntgen. Tolking ved lege i Førde.
Blodbank	<i>Ikkje til vurdering</i>
Ambulansestasjon	<i>Ikkje til vurdering</i>
Psykiatrisk klinikk	<i>Ikkje til vurdering</i>

Styresaka i desember gjorde greie for aktivitet, ressursbruk, innsparingspotensiale for kvart område og klinikkdirektør si tilråding for kvart område.

Poliklinikk/avdeling	Tilråding og kommentar
Hud poliklinikk	Blir vidareført. Skal vurderast kvart 2. år.
Medisinsk poliklinikk	Blir lagt ned. Tilbodet til barn vert gjeve av avansert heimesjukehus, i Førde og i primærhelsetenesta.
Medisinske sekretær-tenester	Kan reduserast. Eventuell samlokalisering med PHV vil avgjere kor mykje.
Smertepoliklinikk, Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	Vert flytta til Førde.
Læring og meistring (LMS), Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	Vert flytta til Førde.
Fysioterapi, Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	Vert flytta til Førde.
Radiologi	Vert flytta til Førde.

Dei arealmessige forholda i Førde er gjennomgått. Vi vil ha behov for nokre justeringar, men det vil ikkje gi store utfordringar med å flytte tilboda dit.

Leige av areal

Helse Førde leiger i underkant av 1200 kvadratmeter til tenestene som psykiatrisk klinikk og medisinsk klinikk yter på Sunnfjord medisinske senter (SMS) i Florø. I tillegg leiger føretaket areal til ambulansestasjon. Totalt brukte føretaket seks millionar kroner til husleige, reinhald, straum m.m. i 2022, som er det siste rekneskapsåret der vi har full oversikt over kostnadene. Den delen som psykiatrien og somatikken brukar, utgjer kring av 70 prosent av dette.

Medisinsk klinikk held til i andre etasje og brukar om lag 700 kvadratmeter, medan psykiatrisk klinikk brukar omlag 500 i tredje etasje. Tenestene til medisinsk klinikk vil framleis trenge i underkant av 200 kvadratmeter etter omlegginga. Det betyr at Helse Førde kan redusere sitt samla behov for areal til psykiatri og somatikk med omlag 40 prosent.

Kor mykje det er råd å spare i reduserte arealkostnader vil først vere avklara når ny leigeavtale er på plass. Det kan dreie seg om ein stad mellom 1,5 og 2,5 millionar kroner.

Dagens leigekontrakt vart inngått med verknad frå 1. juni 2014 og går ut 1. juni 2024. Helse Førde har fortrinnsrett til å forhandle om fornying av leigeforholdet for ein periode på 5+5 år. Det har vore dialog med huseigar som er kjend med vurderingane Helse Førde gjer.

Helse Førde kan gå i direkte forhandlingar med huseigar eller velje å lyse ut eit anbod om framtidige lokale. Administrerande direktør meiner det er rett å gjennomføre ein dialog med huseigar før dette blir bestemt.

Økonomiske forhold elles

Dei andre direkte innsparingane er i hovudsak knytt til reduksjon av personell, og i ein viss grad også serviceavtalar på medisinsk-teknisk utstyr og reiseutgifter. I alt vil det vere snakk om tre til fire årsverk og ei samla innsparing på 2,0 til 2,5 millionar kroner.

Det er ikkje rekna med vesentlege endringar i kostnader til pasientreiser.

Med dei svært stramme investeringsrammene som Helse Førde får i åra framover, så er reduksjon av framtidig investeringsbehov eit viktig økonomisk element. Det radiologiske utstyret i Florø er kring ti år gammalt, og ville normalt vorte skifta ut om nokre år. Når radiologisk avdeling i Førde kan ta hand om undersøkingane, så vil det vere vanskeleg å sjå føre seg at ei investering på seks til sju millionar kroner i radiologisk utstyr i Florø blir prioritert.

Samhandling med primærhelsetenesta og Kinn kommune

Det har vore god dialog med kommuneleiinga, kommuneoverlege, samhandlingslege, fastlegar og huseigarar ved Sunnfjord medisinske senter undervegs i prosessen.

Primærhelsetenesta formidlar at det er svært viktig at ikkje medisinsk klinikk legg ned sine tilbod til kronikarar i Florø. Særskild lysbehandlinga, men også det radiologiske tilbodet og samhandlinga kring infusjonsbehandling, vert vektlagt.

Begge partar er opptekne av at Helse Førde må ta særskilde omsyn til barn og unge samt skrøpelege eldre.

Ein har vidare drøfta mogelegheiter for nye samhandlingsmodellar mellom primærhelsetenesta og Helse Førde knytt til SMS. Helse Førde opnar for eit felles utviklingsprosjekt der ulike samhandlingskonsept kan bli vurderte framover. Tanken om ein samhandlingspoliklinikk er den mest konkrete ideen som hittil er løfta fram, til dømes med mogelegheit for felles digitale konsultasjonar til ulike spesialistpoliklinikkar i Førde.

Kommentarar

Medisinsk klinikk har gjort ein grundig gjennomgang av tenestetilbodet i Florø. Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen i Helse Førde, er det gjort framlegg om å redusere tilbodet. Det som blir att er blodbank og poliklinikk for hud.

Dei økonomiske innsparingane er i hovudsak reduserte kostnader knytt til personell og leige av areal. Redusert behov for investeringar i framtida er også eit viktig poeng økonomisk.

For innbyggjarane i Florø-området vil det vere ei ulempe å måtte reise til Førde. Reiseavstanden er likevel ikkje lengre enn at det må reknast som akseptabelt. Medisinskfagleg vil det vere fullt ut forsvarleg å flytte tenestetilbodet.

Konklusjon

Helse Førde beheld blodbank og poliklinikk for hud i Florø. Dei andre tenestene vert gjevne i Førde.